LINDÅS KOMMUNE
Klassering
26 AUG 2019
Ark. saksnr. 17/3013
Løpenr.
Saksh.
Tilgangskode

# *Innspel til arealplan. 1 gangs høyring.*

*Eg ber med dette atter ein gang om at mitt areal på 163/1 vert attendeført frå Næring til LNF.*
*Som eg har uttalt tildlgare, så er det ikkje aktuelt for meg å selje til næringsføremål, og har difor lite tilovers for at mitt arealt trass mi meining ligg merkt som ledigt næringsareal. Eg har endå mindre forståing for at innspelet mitt ikkje har vorte teke omsyn til i det heile, under handsaming av arealplanen .*

*Jordtippen nærmar seg oppfylt,og no gjenstår det å få tilført ein del tørre jordmassar i følge Vassbakk & Stol.*

*Jorda mi har eg pakta vekk, og han som no paktar skal også drive jordtippen når denne er ferdig.*

*De skriv sjølv at de ønskjer å leggje til rette for m.a tilkøyring av jordmassar for opparbeiding av landbruksjord. Eg føler ikkje på nokon måte at de har lagt tilrette for meg, de har endre bruken av mitt areal utan mitt samtykke!.*

*Me annla denne jordtippen nettopp for å få betre tilgang på dyrka mark. Men for min del, har det skjedd akkurat det motsatte. Me hadde mindre dyrka mark når me pensjonerte oss enn me hadde før dei bygde ut Ikea.*

*Arealet mitt var opprinnelig avsett til opparbeiding av landbruksjord, og i kommuneplanen deka skriv de følgjande:*

> **« Arealdelen til kommuneplanen søker å oppretthalde kulturlandskapet, ta vare på verdifullt landbruksareal og legge til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket. Det er eit nasjonalt mål om å i størst mogleg grad ta vare på dyrka og dyrkbar jord. Omsynssone for landbruk og friluftsliv har stor betydning i arealforvaltninga, og skal ligge på dei areala som er i bruk i dag og som i framtida er eigna for landbruksdrift.»**

*Mykje av det som står her har eg tidlegare påpeika til dykk, og det*

står svart på kvitt i deka eigen plan, at det arealet som her er snakk om på Åse/ Espeland er verdifult og skal takast vare på. Då burde det være ein sjølvfølge at dette arealet ikkje er avsett til næringsføremål!.

Eg har fått forlenga løyvet til massedeponi, slik at tippen pr i dag er klar til å ta i mot massar. så snart entrepenøren har det. Men utan å ha kommunen på lag, er det svært lite eg når fram med, når entrepenøren som seier dei manglar tørre jordmassar..!

**Eg Kjem aldri til å selja til neæringsføremål, eg ønskjer jordtippen ferdigstillt!**

Eg ber difor om at arealet utanom jordtippen skal ha attende  status LNF og jordtippen status som midletidig LNF spredt næring og få attende status som LNF når denne er ferdig i hennhold til  opprinnelig løyve.

Vonar at Kommunen no respekterer dei grunneigrane som ikkje ønskjer industri på sine gardsbruk. og at me no vert høyrde.

Margareth Nystrand 23/8-19

.........................................................

Margareth Nystrand